

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-Q89	20/597

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2022	Formannskapet	PS	20.01.2022
010/2022	Kommunestyret	PS	24.02.2022

Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden 2021 - 2032 - 2 gangs handsaming

Vedlegg:

Journalposttittel

rapp_Trafikktryggleiksplan_Masfjorden kommune

Dato

12.01.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-15 kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden 2021 – 2032.

Det vert vist til vedlagt plandokument dagsett 07.01.2022.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Formannskapet i Masfjorden kommune vedtok i møte den 18.10.2021 å senda framlegg til kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 – 2032 ut på offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-14.

Planen inneheld mykje fakta om trafikktilhøva i kommunen inkludert ulykkeanalysar, og kjem med framlegg til målsettingar og strategiar med tiltak for å betre trafikktryggleiken i Masfjorden kommune. Tiltaka er fordelt på tre område: **Åtferd og haldningstiltak, organisatoriske tiltak og fysiske tiltak.** Det vert lagt opp til 6 satsingsområde knytt til trafikktryggleik og i tillegg ligg det føre ein handlingsplan over fysiske tiltak for heile perioden 2021 - 2032.

Planen har no vore ute på offentleg ettersyn, og det er kome mange merknader som nedunder er kort referert (ligg også ved saka), og deretter under kvar merknad kjem rådmannen sine vurderingar til denne.

1. **Brev frå Vestland fylkeskommune dagsett 09.11.2021**, som skriv at planen er logisk bygd

opp, med konkrete satsingsområde som det er mogeleg å følgja opp i ettertid. Ber om at dei organisatoriske tiltaka som er nemnd under mål og strategiar også vert omtalt/ presisert i kap. 10.

Rådmannen meiner at fylkeskommunen kjem med gode råd og rår til at planen vert justert knytt til presisering av organisatoriske tiltak i kap. 10. Det vert vist til planframlegget som no ligg føre.

2. **Brev frå Masfjorden Venstre dagsett 15.11.2021**, som skriv at dei i stor grad er nøgd med trafikksekringsplanen, og at det må setjast av midlar i dei årlege budsjetta slik at det vert mogeleg å få gjort noko i praksis. På bakgrunn av dette kjem dei med framlegg til prioritering:

Riksvegar:

- 1 Trodalskrysset (1,2)

Fylkesveg, strakstiltak

- 1 Siktutbetring Sandnes skule og barnehage (36, 34)
- 2 Gang- og sykkelveg frå Sandnes skule til dei nye tomtane på Storleitet (Kvamme) (7). Dette tiltaket må ha fyrste prioritet blant dei store tiltaka. På Kvamme er det tilrettelagt for 6 bustader. Det er ikkje tilrådeleg å sleppa barna ut i ein trafikkert fylkesveg der det er smalt og ikkje lys. Gangveg frå skulen og sørover vil òg dekkja behovet for gang- og sykkelveg for dei nye tomtane som vert planlagde i Botneset.
- 3 Busshaldeplass Nordbygda skule (52)
- 4 Fartsdumpar ved Indre Masfjorden barnehage (40)
- 5 Busslomme m.m. Reknes (13)
- 6 Hope, rekkverk (25)
- 7 Busskur med lys ved alle busstopp der barn går av eller på bussen
- 8 Redusert fart (31)

Langtidstiltak

- 1 Veglys ved butikken på Kvingo (55)
- 2 Matre skule, av- og påstiging, snuplass og haldeplass, parkering (29, 62)
- 3 Gang- og sykkelveg langs fv 570, frå Ervikneset til ferjekaia (31)
- 4 Sandnes barnehage (34)
- 5 Areklettvegen (19)

Rådmannen har forståing for ønsket om å prioritere meir mellom dei ulike tiltaka, men vil ikkje tilrå at planen vert endra på bakgrunn av merkningen, med unntak av at ein tilrår å prioritere gang- og sykkelvegen frå Sandnes skule til dei nye tomtane på Storleitet (Kvamme) (ID 7) frå middels til høg prioritet under langsiktige tiltak langs fylkesveg. Det vil vera eit kostbart prosjekt og difor må det koma under langsiktige tiltak. Ein er samd med avsendar om at utviklinga med nye bustadar og

mange born på denne strekninga gjer grunn til å prioritera denne strekninga, som og er skuleveg.

Rådmannen viser til at dei nemde tiltaka alt ligg inne i planen sin handlingdel. Utover dette vil ein ikkje rår til at planen vert endra på bakgrunn av denne merknaden. Konklusjon: Endra ID nr.7 frå middels (gul) til høg (grøn) prioritet.

- 3. Brev frå Inger Jåstad dagsett 17.11.2021**, som skriv at det *i samband med bygging av ny bru på fylkesvegen i Matre, vart den kommunale veggen under brua på E 39 senka, og at denne endringa har ført til at det no er ein kort, bratt bakke der, med ein brå og kort knekk i «dumpa», som lett kan gjere skade på bilane. På bakgrunn av dette ber ho om at utbetring av dette vegstykket vert sett opp som eit strakstiltak i planen.*

Rådmannen meiner at avsendar kjem med eit greitt ønskje, og rår til at dette tiltaket vert innarbeida som eit nytt langsiktig tiltak i planen, sidan det er eit kostbart prosjekt med mykje omlegging av tele- og elektriske leidningar som går i grunnen på denne staden. Konklusjon:Lagt inn nytt ID 66 på kommunal veg, langsiktig tiltak. Mindre prioritet.

- 4. Brev frå Solveig Grimsland Trodal & Tore Trodal dagsett 16.11.2021**, som på vegne av seg og andre i Trodalen rår i frå at det vert skilta forbod mot venstresving ut/inn av krysset i Trodal (Strakstiltak ID2 – E39 Sognevegen. Vidare rår dei frå det langsiktige tiltaket ID 1-2 om å vurdere å fjerne busshaldeplassen. Dei meiner at begge desse tiltaka vil gjera det verre for dei som bur og kjem til Trodalen, og rår til at kommunen heller arbeider for kryssutbetring, nedsett fartsgrense og undergang på denne staden.

Rådmannen meiner at krysset i Trodalen er eit svært farleg kryss, og vil peike på at det ikkje er enkelt å løysa dei trafikkale utfordringane som her er til stades. Vidare vil ein vise til at det har vore drøftingar mellom kommunen og Statens Vegvesen om dette krysset, og at det har vore vanskeleg å finna gode løysingar utan å flytta tunnelane. På grunn av svært høg kostnad er det vorte sett på som urealistisk å føreslå dette i denne planperioden. Samstundes har rådmannen stor forståing for at dei føreslåtte tiltaka vil medføre ulemper for dei som bur i Trodalen. Tiltaka som er føreslått vil etter rådmannen si vurdering styrke trafikktryggleiken for dei som bur og/ eller skal til/ frå Trodalen, og rådmannen meiner at denne måloppnåinga er viktigare enn dei argumentene avsendarane har knytt til praktiske ulemper, tidsbruk og klimamål. Samstundes vil ein visa til at tiltak som å vurdere nedsett fartsgrense og forbod mot forbikøyring langs E39, samt forsterka veglys på denne staden er teke med i planen, samt føreslått automatisk trafikk kontroll(ATK)/ATK strekningskontroll mellom Matre og Haugsvær.

- 5. Brev frå Therese Halsvik Nordli m.fl. dagsett 18.11.2021**, som skriv at det er mange stygge forbikøyringar ved den gamle ferjekaien på Duesund, og at det bør koma eit skilt som markerer farleg kryss i dette området, og at det bør koma veglys eit stykke langs

fylkesvegen ned til busskuret som borna som skal til skulen nyttar om morgonen.

Rådmannen meiner at avsendarane kjem med eit greit ønskje, og rår til at både skilt om farleg kryss og etablering av veglys kan takast inn som kortsiktige tiltak i planen under fylkesveg. Tatt med nytt ID 67. Etablering av fareskilt og vegljøs. Tatt med som kortsiktig tiltak på fylkesveg. Mindre prioritet.

6. **Brev frå Kristin Andvik Haugsdal og Vebjørn Haugsdal dagsett 22.11.2021**, som skriv at gangveg på strekninga Kvamme - Sandnes skule (ID nr 7) bør prioriterast opp frå middels til høgast, og viser til at det på denne strekninga er det mange born som ferdast på vegen frå morgon til kveld, og at det snart kjem nye bustader med familiar på Varleitet også. Dei ber og om at det kjem veglys på denne strekninga frå skulen til kryss Varleitet.

Rådmannen meiner at avsendarane kjem med eit ønskje som er godt grunngjeve, og rår til at dette tiltaket vert oppjustert til høgaste prioritet under langsiktige tiltak langs fylkesvegane. Det vert her vektlagt at det snart kjem nye bustadar i området, samt at det i relativt ny reguleringsplan også er opna for fleire bustader innanfor reguleringsplanen for Bjørkeneset, som grensar opp til Varleitet. Ein er samd med at det er behov for veglys, men meiner at dette behovet kan drøftast i samband med eventuell realisering av fortau/ gangveg.

Konklusjon: Endra ID nr. 7 fra middels (gul) til høg (grøn) prioritet.

7. **Brev frå Lillian Andvik og Jon Kjetil Strand dagsett 22.11.2021**, som skriv at det frå Austfjordvegen 2438 på Kvamme til veglysa i Amundsbotn er det 1,35 km, og at denne strekninga må prioriterast høgare frå fargekode gul til grøn. Dei viser til planlagt trafikkauke og nytt bustadfelt i området ved Varleitet. I tillegg ber dei om at busstoppen ved Austfjordvegen 2420 vert flytta til avkøyringa til Austfjordvegen 2438, og at det må oppførast busskur.

Rådmannen meiner at avsendarane sitt ønskje om å prioritera opp gangveg/ fortau til Kvamme er godt grunngjeve, og rår til at dette tiltaket vert endra til høgaste prioritet under langsiktige tiltak langs fylkesvegane. Det som gjeld å flytta busstoppen meiner rådmannen avsendarane kan taka opp direkte med Skyss, og er noko rådmannen ikkje ønskjer å ta inn i trafikkstyringsplanen. Konklusjon: Endra ID nr. 7 frå middels (gul) til høg (grøn) prioritet.

8. **Brev frå Ivar Helge Matre og Grete Irene Nyhavn dagsett 18.11.2021**, som skriv at dei ønskjer overgang over E39 på Matre. Dei viser til trafikutviklinga langs E39 og tidlegare drøftingar og prosessar som har vore om dette temaet.

Rådmannen har stor forståing for dette ønsket om å få gangbru over E39 på Matre, og at dei er bekymra for fotgjevarane som må kryssa vegen på denne staden. På bakgrunn av tidlegare

drøftingar med Statens Vegvesen meiner rådmannen at det er urealistisk å få dette til, både fordi det er Statens Vegvesen som forvaltar denne vegen innanfor eit streng definert regelverk gjeve i eigne statlege veghandbøker m.v., der mellom anna trafikkmengden og tal mjuke trafikkantar er svært avgjerande for å få aksept for ei slik løysing. I tillegg er det realtivt kostbart å byggje overgang over ein Europaveg med tilhøyrande ramper og rekkverk. Det er høgt prioritert å gjennomføra tiltak for å ytterlegere sikra eksisterande gangfelt i planen, som; Gjennomføra fartsmåling, forsterka veglys ved gangfelt og utbetre ventareal/fortau mot BKK, samt nye gangfelt-skilt.

På bakgrunn av dette rår ein til at planen ikkje vert endra basert på denne merknaden.

9. **Brev frå Hosteland Grunneigarlag v/ Ivar Duesund dagsett 23.11.2021**, som skriv at farten frå krysset ved 570 til nord for husa på gnr 14 bnr 7 (Midtbøen), ei strekning på ca 500 meter bør endrast frå 50 km/h til 30 km/h. Avsendaren grunngjev dette med at det er mange avkøyrslar og bygningar i dette området, samt at det manglar fortau og veglys, og at det difor er eit uoversikteleg trafikkbilete forbi denne staden.

Rådmannen meiner at dette tiltaket med redusert fartsgrense kan skrivast inn i planen som eit nytt kortsiktig tiltak under fylkesvegar, som ei strekning som skal vurderast nærmare med omsyn på fart.

Konklusjon: Teke med som nytt ID 68 på fylkesveg som strakstiltak, Ikkje fargekoda med prioritet.

10. **Brev frå Sandnes Vel v/ Linn Lahti dagsett 23.11.2021**, som skriv laget ønskjer å prioritere følgjande:

Rydding av skog og utbetring av kryss ved Sandnes barnehage/fv 570. Her er dårleg sikt.

- Rydding av vegetasjon langs fv 570 mellom kryss Sandneslia og kommunehuset, dårleg sikt. Skifta ut veglysa på strekninga, dei gjev ikkje nok lys.
- Redusert fartsgrense frå krysset ved Ervikneset til ferjekaia.
- Skogrydding langs fv 570 sør for skulen
- Dosering av vegen mellom skulen og Prestegardskrysset. Vanskeleg å gå når det er glatt, vegen hallar svært mykje.
- Austfjordvegen utanfor 2649 (Gamleheimen). Det må sikrast slik at takpanner frå Gamleheimen ikkje dett ned på bilar/fotgjengarar. Det er observert at det ligg takpanner m.m. i vegen.
- Merka felta på ferjekaien betre slik at det er tydeleg når ein må kjøra inn i felt 2 og 3.

Slik det er no blir bilar ofte ståande heilt fram i vegen.

Fortau nedanfor Fargeriet. Høgare rekkverk på RV 570 for å sikra trafikantar på vegen som går ned til butikken.

I tillegg ønskjer dei at gang-sykkelvegen til Kvamme frå Sandnes skule skal ha høgaste prioritet, samt veglys til Kvamme og lys ved busskuret der.

Det som gjeld takpanner knytt til Gamleheimen er eit tiltak som etter rådmannen si vurdering høyrer inn under kommunen sitt ansvarsområde, og som bør koma inn i ein vedlikehaldsplan for kommunale bygg. Tiltak ved ferjekaien høyrer etter administrasjonen si vurdering ikkje under ein trafikksikringsplan

Rådmannen meiner elles at det er mange gode tiltak som her vert føreslått, og at det som gjeld gang-sykkelvegen til Kvamme alt er kommentert ovanfor i merknad 2, 6 og 7, og at dette vert teke inn i planen. Rydding av vegetasjon ved kryss Sandnes barnehage er alt kome med i planen under kortsiktige tiltak under tiltak nr. 33, og vurdering av fartsgrensa langs vegstrekninga ligg inne i planen som tiltak 31. Både veglyssutbetring i tiltak nr 32 og rekkverk ved Fargeriet i tiltak nr 38 er alt med.

Dosering av vegen mellom skulen og Prestegardskrysset er noko nytt som ein rår til vert teke inn som eit langsiktig tiltak under fylkesveg som eige punkt. Konklusjon:

Dette er teke med som nytt ID 69 som langsiktig tiltak på fylkesveg, Ikkje fargekoda med prioritet.

11. Brev frå Skjelsundet Vel v/ Sigrun Haugsdal Reknes dagsett 24.11.2021, som skriv at dei som bur i bustadfelta Giljane og i nye Skjelsundet har kort veg til kommunal veg med mykje trafikk og tidvis svært stor fart. Grensa forbi felta er sett til 80 km/t, og trafikantar gløymer ofte å ta omsyn til leikande born og dårleg sikt. Dei ber om at ein utvidar 40-sona som ein finn lenger ut mot Arekletten, slik at ein får låg fartsgrense forbi begge bustadfelta og heile vegen ut til brua. Vidare viser dei til at desse to felta har rundt 20 born som ventar på taxi langs denne vegen, og elles ferdast i kvardagen. Dei ber og om fartsdumpar, slik at trafikantar ikkje har anna val enn å setje ned farten, og om at det vert sett opp gjerde på fjellknausen over krysset til Giljane, ned mot Skjelsundet. Her er ofte ungar oppe å leikar, og det er vanskeleg å sjå kanten då den er dekkja av torv og jord. Her er mange meter rett ned i asfalten på kommunal veg.

Rådmannen meiner at tiltaket som gjeld nedsett fartsgrense skal koma inn i oversikten

over strekningar som skal vurderast nærmare, og dei andre tiltaka knytt til fartdumpar og sikringsgjerde skal takast inn som strakstiltak under kommunevegar, både fordi det er mange born i området, og fordi det verkar som om mange køyrer for fort også her.

Konklusjon: Tiltak med nedsett fartgrense og fartshumpar er teke med frå før, og strekninga med 30 km/t er utvida, og det er lagt til sikringsgjerde som tiltak i eksisterende ID nr. 19 som ligger som strakstiltak og har høg prioritet frå før.

12. Brev frå Ivar Haukeland dagsett 23.11.2021, som skriv at avkøyringa til Nesjane når en kjem frå sør (ferja) er farleg, fordi det er ein U-sving, og at bilar bak kan bli frista til å prøve å køyre forbi når ein reduserer farten for å køyre inn til Nesjane. Ber om at staden vert skilta som kryss.

Rådmannen meiner at dette er eit viktig trafikkiseringstiltak og rår til at dette vert teke med som eit strakstiltak under fylkesvegar.

Konklusjon: Teke med i tidlegare ID 67. Teksten er endra til: «Mange forbikøyringar på strekninga. Skilte som kryss eller farleg kryss og etabler vegljøs».

13. Brev frå Bjørn Rune Kvinge m.fl. dagsett 25.11.2021, som skriv at dei ønskjer at fylkesvegkrysset til Kvingebakken (tiltak 57) vert prioritert opp frå middels (gult) til høgast (grønt), og kjem med ei grunngjeving knytt til denne prioriteringa. Her vert det konkludert med at utkøyringa frå Kvingebakken er svært farleg, fordi sikten mot nord er så dårleg, og det vert skissert løysingar. Det vert vist til at det på grunn av dagsturhytta kjem fleire framande bilistar inn mrådet, og at særleg desse sjåførane kan vera uoppmerksame i det farlege krysset.

Vidare vert det etterlyst veglys på to stolpar på kommunevegen, slik at det vert samanhengande lys frå dampskipkaien og til vegkrysset med postkassar og bosshentestad.

Rådmannen er samd i at dette krysset er svært uoversikteleg og representerer ei stor trafikkfare. På grunn av kostnadane vart ikkje denne staden vorte prioritert i samband med fylkesvegutbetringane dei siste åra. Stipulerte kostnadskalkyler (munnlege) frå Statens Vegvesen gjorde at ein valde å prioritera andre stadar langs fylkesvegen. Etter rådmannen si vurdering er det likevel gode grunnar for å prioritere opp dette krysset frå middels til høgast (grønt), og så får vidare planleggingsarbeid visa kva som er realistisk å få til av utbetring. Siktutbetring mot nord frå krysset ut frå Kvingebakkvegen er

sannsynlegvis det viktigaste å få gjort noko med.

Det er i merknaden kome inn ønskje om to veglys på kommunevegen til Kvingebakken, og desse tilrår rådmannen vert teke inn som eit strakstiltak under kommuneveg i planen.

Konklusjon: ID 57 er endra til høg prioritet (grøn).

14. Brev frå Statsforvaltaren i Vestland dagsett 25.11.2021, som skriv at dei er positiv til at Masfjorden kommune har utarbeida ein kommunedelplan for trafikktryggleik, og meiner det er gjort mykje bra arbeid i planen, mellom anna fordi det er gjort ei ulykkesanalyse basert på data frå politiregisteret. Statsforvaltaren tilrår at kommunen etablerer eit system for registrering av nesten-ulykker og tilløp til ulykker, for å få eit endå betre grunnlag for prioritering, og viser til at dei heller ikkje kan sjå at planen vurderer kva effekt trafikktryggingstiltaka vil ha, og det er vanskeleg å sjå kva som ligg bak prioriteringane i handlingsplanen.

Statsforvaltaren kan heller ikkje sjå at det er vurdert om tiltaka i handlingsplanen er i samsvar med overordna plan og om dei kan vere i strid med andre omsyn. Mange av dei mindre tiltaka vil truleg ikkje vere det, men når ein skal utvide veg, bru eller byggje ny gangveg eller sykkelveg kan dette komme i konflikt med andre omsyn som til dømes naturmangfald eller jordvern. Kommunen må difor vurderer fleire av tiltaka vidare i kommuneplan eller reguleringsplan, om tiltaka ikkje allereie er planavklart

Rådmannen meiner at Statsforvaltaren kjem med interessante synspunkt og råd, som kommunen må ta med seg i det vidare arbeidet med trafikksikringsplanen, og spesielt når ein seinare kjem til detaljplanlegging og gjennomføringsfasar. Å laga ein eigen oversikt over nesten-ulykker meiner rådmannen kunne ha ein viss verdi, men av kapasitetsmessige grunnar vil ein ikkje tilrå at det vert gjort no. Rådmannen meiner difor at ein ikkje treng å endra planen på bakgrunn av denne merknaden.

At det er vanskeleg å prioritere er ein kjensgjering, og ein har forståing for at Statsforvaltaren, som heller ikkje har lokalkunnskap, meiner det er vanskeleg å forstå prioiteringane som er gjort. Rådmannen meiner likevel at lokalt skjøn og faglege vurderingar, samt viktige innspel frå innbyggjarar med fleire har gjeve eit godt grunnlag for den handlingsplanen som no vert tilrådd.

Vurdering

Rådmannen meiner det er ein godt gjennomarbeid kommunedelplan for trafikksikring som no kan leggjast fram til politisk slutthandsaming. Ein vil visa til at det er kome inn mange merknader til planen, at det er svært positivt, og at desse er vorte vurdert både i arbeidsgruppa og av den innleigde konsulenten med fleire. Vidare vil ein peike på at det er svært mange tiltak som no ligg inne i handlingsplanen og i kap. 10, og at gjennomføringa av mange av desse krev både budsjettmessige

avklaringar, og fylkeskommunal medverknad.

På bakgrunn av merknadane er det gjort fleire endringar i trafikksikringsplanen som med dette vert tilrådd godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-15.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunedelplanen for trafikksikring for Masfjorden 2021 – 2032 dagsett 07.01.2022 vert godkjent.

Formannskapet - 010/2022

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-15 kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden 2021 – 2032.

Det vert vist til vedlagt plandokument dagsett 07.01.2022.

Kommunestyret - 010/2022

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-15 kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden 2021 – 2032.

Det vert vist til vedlagt plandokument dagsett 07.01.2022.